



Martin Lombnes Horvli
LARS HILLES GATE 9
5008 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1600 - 23/38608

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
19.05.2023

Retting av kart - gbnr 341/43 Skarpeneset

Viser til motteke krav om retting av feile grenser i matrikkelen motteke 18.02.2022. Og tilleggsm informasjon motteke 23.03.2022 og 08.05.2023.

Saksutgreiing:

Ved ein gjennomgang av motteke skyldskifte, kart og forklaring finn me det ikkje tilstrekkeleg dokumentert kvar grensene for gbnr 341/43 skal teiknast. Det er ingen sikre haldepunkt i matrikkelkartet halde opp mot grenseskildringa i skylddelinga for eigedomen. Kommunen finn det derfor vanskeleg å rette grensene.

Om ein ønskjer å få klarlagt grensene kan ein rekvirere oppmålingsforretning hjå kommunen. Informasjon om klarlegging finn ein mellom anna på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Klarlegging av eksisterande grense \(grensepåvising\)](#)

Gebyr for klarlegging går fram av kommunen sitt gebyrregulativ. Gebyret for klarlegging av ikkje koordinatbestemt grense er kr. 15 064 for inntil 6 punkt. Rekvisisjon av klarlegging tek me fortløpande, men ein må rekne nokre veker fram i tid før forretning kan haldast. Naboar har mellom anna krav på minimum 14 dagars varsel om oppmålingsforretning.

Vedtak:

Med heimel i matrikkellova §26 vert krav om retting av feile grenser i matrikkelen avslått. Grunngeving går fram av saksutgreiinga over.

Klage:

Denne avgjersla er et enkeltvedtak som kan klagast over, jf. matrikkellova §46. Klage skal stilast til Statsforvaltaren i Vestland, men sendast til kommunen. Klagefrist er tre veker frå motteke brev

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Martin Lombnes Horvli

LARS HILLES GATE 9

5008

BERGEN